

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 2 - April 2021 53. årg.



**Anne Grete og Oddmund
satsar grønt på Re**



Konfirmant i koronatid side 12



Aksel Johan Lund side 16



Korona og husfellesskap side 19



Koronamøteplass side 23

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrjekontoret
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
Inngang frå Saronsbrotet
heimeside: www.timekyrkja.no
e-post: kyrkjekontoret@timekyrkja.no
Prost: Lars Sigurd Tjelle
Kateket: Ingfrid Time Nærland
Diakon: Praxedes Slettebø
Barne- og ungdomsdiakon:
Marit Høie Hetland
Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg
Assisterande kyrkjeverje: Siri Vik
Kyrkjeverje: Gunnar Bjorland Stone
Prosjektleiar Ung i Time: Asle Steinbru

tlf. 51 77 03 77

tlf. 474 51 340

tlf. 401 67 222

tlf. 488 96 919

tlf. 911 63 039

tlf. 51 77 03 77

tlf. 906 43 758

tlf. 406 01 079

tlf. 979 79 771

Time
Sokneprest Yngvar Nilsen
Musikalsk leiar: Frode Skårland
Trusopplærar Ragnhild Hanssen
Kyrkjetenar helg: Elen Fosse
Soknerådsleiar: Marianne Hauge
Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland
Klokkar: Øivind Njølstad Egeland
Ungdomsarbeidar Lye: Martin Berge
Kyrkjetenar ved gravferd: Marko Sundt
Time kyrkjegard

tlf. 466 52 874

tlf. 489 97 102

tlf. 990 22 872

tlf. 981 89 102

tlf. 481 14 974

tlf. 990 26 276

tlf. 958 35 364

tlf. 951 17 574

tlf. 51 48 32 84

Bryne
Heimeside: www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård
Organist: Per Olav Egeland
Trusopplærar: Marit Høie Hetland
Administrasjonleiar:
Elisabeth Obrestad
Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar:
Jostein Aa. Tollaksen
Trusopplærar: Eline Fosse (vikar)
Soknerådsleiar: Ola Undheim
Kyrkjetenar helg: Arne Espevik
Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen

tlf. 911 57 105

tlf. 900 18 708

tlf. 911 63 039

tlf. 51 77 03 77

tlf. 909 88 880

tlf. 454 83 455

tlf. 908 58 793

tlf.466 56 825

Lye forsamlingshus
Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Undheim
Heimeside: www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje
Sokneprest: May Brit Merland Arnø
Organist: Kari Kaald Reiten
Ungdomsarbeidar Eline Fosse
Kyrkjetenar: Hans Undheim
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark
Dagleg leiar: Frode Skårland

tlf. 51 48 68 20

tlf. 467 94 518

tlf. 908 10 346

tlf. 454 83 455

tlf. 900 37 560

tlf. 996 26 157

tlf. 489 97 102

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no

Kjære lesar!

Nr. 2 av Helgedagen 2021 har nå funne vegen til deg, og me lever framleis med restriksjonar og usikkerhet. Også i dette nummeret må me minna om at program som er omtala og annonsert i bladet gjerne må avlysast. På heimesida www.timekyrkja.no vil de finna oppdatert informasjon framover. Så repeterer me ynskjet om at Helgedagen kan vera eit handtrykk frå kyrkja og din kyrkjelyd i denne tida.

Kyrkjelydane i Time ynskjer alle ei fargerik vår!

Bryne, Lye, Time og Undheim kyrkjelyd.



Framsida. Anne Grete og Oddmund satsar grønt på Re - Foto: Liv Helene Ø. Håland

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad og Arnfinn Vigrestad.
Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.
Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 17. mai

Fotsporene

Forteljinga FOTSPORENE har blitt fortalt så mange gonger i kristne samanhengar at ein skulle nesten tru at ho var henta frå Bibelen. Der kunne ho godt ha stått, for det er ei fin forteljing som får tydeleg fram at Gud både bryr seg om oss, og at han kan gripa inn i våre liv.

TEKST OG FOTO: FRODE SKÅRLAND



Frode Skårland

Kort fortalt handlar det om ein mann som hadde ein draum der han såg tilbake på livet sitt. Han såg kjende livshendingar saman med to par fotspor på ei sandstrand. Det eine paret var hans, det andre Gud sitt. Gud gjekk med han i livet, men då bilete frå dei vanskelege tidene dukka opp, var det berre eitt par med spor han kunne sjå, og han spurde Gud kvifor han ikkje var med då han trong det mest. Kvifor måtte han gå gjennom dette åleine? Gud svara at det var Gud sine spor han såg der det berre var eitt par, for i dei tunge stundene var det Gud som bar han.

Når eg ser menneske som har mykje å bera på i livet, skulle eg ønska at Gud sine fotspor var store og tydelege. Eg er glad for dei historiene eg har høyr, kor menneske har erfart at guddommelege hendingar har gjort livet lettare, eller til og med løyst det som har vore vanskeleg. Men dette er ikkje normalen slik eg kan

sjå det i dei krinsane eg er i, og eg lurar på korleis Gud klarer å leva med at dei han elskar slit i tunge og meir eller mindre uovervinnelege motbakkar. Det er nok ikkje lett.

Heldigvis er det ofte plass til fleire enn eitt fotspor i motbakkane me kan møta, og det trur eg er ei gåve frå Gud. Han veit at det ikkje er godt for oss menneske å stå åleine. Han har gitt oss kvarandre, og lagt i oss evne og vilje til å kunna ta vare på kvarandre. Så sjølv om me opplever at Gud ikkje gjer noko overnaturlig, så tenker eg det er hans signatur når menneske viser omsorg og varme og strekker seg langt for at andre skal få det betre. Dette kan gje oss ei sterk erfaring av kor verdifulle me er, og at andre er glade i oss.

Det er ikkje så lett å ropa om hjelp når livet krev meir enn ein føler at det gjer. For dei som står rundt, er det ikkje alltid lett å få auga på at situasjonen er slik heller.

Me er flinke til å klistra på oss eit smil utanp å, og gøyma det som er inni. Når nokon vågar å kle av seg eit lag av det trygge skalet, og viser fram det som er sart og ekte, er det som om magiske krefter bind oss sterkare saman. Det er augneblinkar av gull når sår og smerte blir møtt med respekt og varme. Den som slit får mindre å bera. Fleire par med fotspor i sanden er fint sjølv om det er menneske som har laga dei! I det vonde kan det òg koma fram noko godt som fargar livet med erfaringar me ikkje ville vore forutan.

Påsketida nærmar seg. Den viser at Gud ikkje er ein som vel den lettaste utvegen alltid. Det er vel heller omvendt. Gud valde sjølv å senda sonen sin, som han elskar, til eit liv med motgang, liding, straff og død. Det må ha vore eit umenneskeleg offer å fullføra! Eg kan ikkje tenka meg ei tydelegare og vakrare kjærleikserklæring enn det Gud gav oss der.

GRØNT PÅ RE

Innhaldsrik hage hos Anne Grete og Oddmund Hognestad Line – med fokus på matauk, trivsel og god forvaltning.

TEKST OG FOTO: LIV HELENE Ø. HÅLAND

Ein kald vårmorgon midt i mars får Helgedagen vera med på interessant hagevandring i ein to mål stor hage på Re - hos Anne Grete og Oddmund. For 19 år sidan, då dei gav frå seg garden på Line, kjøpte dei denne eigedommen i Ramshaugvegen. Her har bondegenene fått utfalda seg!

Utgangspunktet dei starta med her, var ein ugrasfri hage, mykje plen - og sitka-graner rundt heile eigedommen! Nå er sitkagranene borte, plenen har skrumpa - berre nok til ein krokket-bane, og hagen har vorte nyskapt, steg for steg.

Det har vore viktig å skaffa le for vinden – utan sitkagranene. Dei har løyst dette ved å dela hagen i mange "rom", med ulike former for sjølvлага le-vegger. Desse romma gjer også hagen meir spennande å vera i - og vandra rundt i.

Dei ønskte å kunna dyrka poteter og grønsaker nok til eige bruk - og slik har det vorte. Dei driv parsellbruk, der dei kan ha eit sju-årig omløp. Slik slepp dei problema med å ha same vekstane i same jorda år etter år. Her nyttar dei komposten, både kjøkken- og hageavfall, til gjødsling og jordforbetring.

Frukt og bær har òg fått utfalda seg: Rips, solbær, bringebær, aronia, druer, aprikos, bjørnebær og blåbær. Epletre har dei mange

av, også eitt av den gamle sorten Bramli. Dei fleste trea er planta som espalier, i smale, innklypte rekker med støtte - eller inntil ein vegg. Dessutan har dei pærer og plommer. På spørsmål om dei kan greia å bruka alt dette sjølv, er svaret at med fire born og mange barneborn, så ordnar avsetnaden seg. Men det er ein stor haustejobb, og Oddmund får skryt for å vera flink til å plukka. Alt må nyttast! Ikkje lite saft og syltetøy som blir produsert her i gode år!

To drivhus har dei òg i hagen, eitt for tomat- og agurk-produksjon, og det nyaste med ein avgrensa, oppvermd del som "føderom" for tomatplanter og andre småplanter. Desse har hatt første fase frå frø til småplanter innandørs, og skal ha produksjonsfasen i drivhuset ved kjøkkenhagen - eller ute.

Det nyaste drivhuset har òg ei "stove" – for avslapping og drøs. Dei finn begge to glede i å ha folk på ulike hage-nivå på besøk - og viser gjerne rundt i hagen. - Me trivst med å dyrka jorda, og har god tid nå som me begge er pensjonistar. Ei god kjensle å dyrka, utforska - og driva matauk. Jorda er god på Re, og som gode forvaltarar vil me at jorda skal brukast!

Sidan våren ikkje har kome så langt enno, ser me fram til å få sjå meir av det grøne i Re-hagen i seinare nummer av Helgedagen.



Grønsakhagen er enno grå og ventar på meir varme




Skjering av epletre



Levegg med frukttre inntil



Varmt "føderom" for småplantene



Steinunderlaget Lucky sit på er gjenbruk.



Bakom denne glasveggen er det aprikos og bjørnebær

Tårnagent 2021 – trusopplæring i koronatid

I kyrkjene i Time gler me oss alltid til å invitera nye årskull til nye trusopplæringstiltak. Det er kjekt å kunna gje eit tilbod til dei ulike klassetrinna.

TEKST AV MARIT HØIE HETLAND

Nå når me har hatt mange smitteverntiltak å forhalda oss til, har me verkeleg fått bryna oss på korleis me kan få ting til. Det aller meste må me tilpassa på ein eller annan måte. Noko har me dessverre måtta avlysa, mens andre tiltak igjen, har kunna blitt gjennomførte i ein tilpassa form.

Kvart år blir 3. klassingane inviterte til Tårnagentsamlingar. Denne gongen måtte me setta oss saman og prøva å tenka ut korleis me kunne få det til utan å treffast med for mange og for tett. Her måtte Time, Undheim og Bryne stikka hovuda i samene og tenka ut noko lurt. Det er kjekt å samarbeida. Heldigvis kunne trusopplæringsstaben få god teknisk hjelp av både frivillige og andre i staben, så då enda det opp med symboljakt rundt dei 3 flotte kyrkjene våre. Slik kunne tårnagentane læra om kyrkja sine symbol medan dei var på utsida av kyrkjene, og så kunne me invitera til kortare samlingar inne i kyrkjene etterpå i god «koronastil». Det kjekkaste me veit er å få treffast, me gler oss over alle treffpunkta me kan få til.

«Helgedagen» lurte på kva det vil seie å gå på symboljakt rundt



kyrkjene, så me har snakka med ein jentegjeng med 3. klassingar som har jakta rundt Brynekyrkja. Dei er ivrige når dei fortel, og pratar rett som det er i munnen på kvarandre. Dei har mykje å fortelja:

På spørsmål om kven dei er, så forklarar dei at dei er ein gjeng med venninner som gjekk saman. Dei me snakkar med er Sofie, Filippa, Lykke og Sofie Emilia. Saman med ei venninne til, Nora, og Elisabeth (mor til Filippa) har dei gått rundt Brynekyrkja på symboljakt.

Me spurde jentegjengen om kva dette eigentleg gjekk ut på? Dei forklarar ivrig at dei måtte leita

etter nokre postar som hang rundt omkring på kyrkja. «Så måtte me bruka telefon for å skanne QR-kodar slik at me fekk sjå



nokre filmar. På filmene var det bokstavar me skulle finna, og så fann me svara på spørsmåla som stod på postane.» «Bokstavane trong me til å laga eit passord som me skulle bruka når me kom på Tårnagentsamlinga dagen etterpå», forklarar dei vidare. «Så var det eit par av bokstavane me ikkje fann, så då lurte me veldig på korleis me skulle klara å finna passordet. Men så til slutt så fann me ut av det i bilen på veg heim.» «Det det var bra me fann ut passordet til slutt», konkluderer dei.

«Korleis var det å gå på symboljakt rundt kyrkja?» spurde me dei. «Det



var kjekt å vera mange i lag og svara på spørsmåla, men det var veldig kaldt i vêret, så me fraus ein del», svara dei, men så snakka dei òg om at dei var glade for at dei gjekk akkurat den dagen, og ikkje dagen etterpå, for då regna det.

«Kva var kjekkest?» spurde me dei til slutt. «På den aller siste posten skulle me telja kor mange skritt me brukte for å gå rundt kyrkja. Me brukte 220 skritt. Men me såg nokon andre som var der på same tid som oss, dei gjekk med kjempestore skritt, så dei brukte sikkert ikkje så mange skritt som oss. Og så skulle me gjetta kor høgt tårnet på kyrkja er. Me trur det er

15 meter høgt, men me veit ikkje om me har rett. Det lurar me på», avsluttar dei.

Trusopplæringsstaben i Bryne, Time og Undheim syntest det var veldig kjekt å kunna invitera folk til kyrkjene våre igjen. Me vil halda fram med å invitera dei ulike årskulla til ulike trusopplæringstiltak. Nå når me har pandemi og restriksjonar, gjer me så godt me kan med å få tilpassa tiltaka slik at me kan invitera flest mogleg utan at me går på akkord med smittevernet. Og så gler me oss veldig til me kan invitera endå fleire til å treffast samstundes.



Evangeliet
tilbake til jødene

Den Norske Israelmisjon
www.israelmisjonen.no

Vil du at palestinere og israelere skal få mulighet til å møtes i Kjærlighet?
Vipps din gave til 19333

Vil du gi en gave til Normisjon?

Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no



NOREA MEDIEMISJON

Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no



Vil du ha Misjonstidende (MT) gratis i postkassen?

Send SMS med **NMS MT** til 2490 eller ring oss på 51 51 61 00.

Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne
Parken senter Inngang ved
hjørnet Saronsbråtet og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, maleri, leikar, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys
Telefon 400 37 151

Opningstider:
måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00



FRETEX butikk Bryne
Parken senter Inngang ved
hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, kjøkkenutstyr, maleri, bøker, møblar, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Telefon 922 09 638

Opningstider: måndag stengt.
tysdag-fredag 10.00-16.00 laurdag 11.00-15.00

GRØN DAG i Kyrkjeparken ved Undheim kyrkje, laurdag 8. mai kl 11.00-13.30

Dagane er blitt lengre, lysare og varmare. Frø som er lagt i jorda, spirer. Småplanter veks og utviklar seg, og etter kvart er mange klare til å plantast i bed, plantekasser, krukker og drivhus. På Undheim kan du denne laurdagen ta med deg heim planter til nytte og glede, samstundes som NMS får pengar til sitt arbeid. Dei fleste plantene som er til sals, kan du bruka i eige kosthald, dei andre til pynt i hagen. Du kan blant anna kjøpa planter av: tomat, chili, paprika, persille, grønnkål, ruculla, basilikum og nokre planter som blomstrar etter kvart.

Det vert òg sal av bakverk, handarbeid, blomsterkasser, barneleiker m.m. I tillegg kan du nyta både brenneslesuppe, foccacia-brød, kaffi og kaker på staden – og sist men ikkje minst – treffa folk.

Du vil òg få med deg ei musikkoppleving ved TOKT – Torvald Tjåland med musikarar. Kjøper du lodd, kan du bli heldig vinnar av eit av dei seks minidrivhusa som vert lodda ut.



Vil du nyta varmen både av suppe og fellesskap rundt bålpanna, vert det høve til det.

Vi vil sjølvstøtt følgja FHI sine gjeldande smittevernreglar.

Velkommen til NMS i Time sitt vårtreff på Undheim




KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Mamma Weedad Ahmad Al-Khalaf er bekymret for fremtiden til datteren Talia på ett år. Det er ingenting for dem å gjøre i flyktningleiren i Bekaadalen, og de har hele livet på vent. Du kan lese mer på:

www.kirkensnodhjelp.no



Du kan vera med og hjelpa familiar i nød: Vipps eit valfritt beløp til 2426. Send GÅVE på sms til 2426 og gi 250 kroner. Gåvekonto: 1594.22.87248



For alle som gjer det gode

TEKST: ELSE-MARIE BUE

Bakerst i Salmeboka er det ei bønebok som tar opp så mange av situasjonane me møter på livsreisa. Det gjeld ikkje bare motbakkane i livet. Glede og takk får også ord. Helgedagen vil også i dette nummeret dela ei av desse bønene. Når eg les bøn nr. 189 går tankane til dette siste året og situasjonen me alle framleis opplever kvar dag.

FOR ALLE SOM GJER DET GODE

Takk, gode Gud, for alle som gjer det gode: lindrar naud, tørkar tårer, trøystar den redde, tek seg av den einsame og hjelpelause, kjempar for rettferd, ber urett, gjer livet lysare for medmenneske, seier det gode ordet, gjer dagens gjerning med truskap. Takk for at du kan lyfta gjerningar i kvardagen opp til teneste for deg.

Per Juvkam, Bøneboka (1991)

Norsk salmebok nr. 800

Når dagen atter sender sitt lysvell over jord
Vi rekker våre hender mot deg vår konge stor.

Dette er eit velkjent vers for mange av lesarane, sunge i årevis i norske skulestover. Altså er det ein gamal salme. Forfattern er Sophie Bonnevie som vart lærar og salmediktar. År 1915 står det i salmeboka, men også omsett av Haldis Moren Vesaas omkring ca. 1929.

I «Stevnemøte med SALMEBOKA» omtalar Vidar Kristensen denne vesle salmen slik:

Denne lille morgensalmen er skrevet av Sophie Bonnevie. Den er en bønn til vår konge stor om hjelp til å følge sannhetens vei gjennom dagen, og til å glede andre. Sangen har stått i skolesangbøker, og mange har opplevd å lære den på skolen den gang det var vanlig å innlede

skoledagen med salmevers. Det er ikke utenkelig at Bonnevie har skrevet den mens hun selv underviste.

I 1900 pågikk det en kraftig debatt om underfortellingens rolle i skolens kristendomsundervisning. En kjent prest mente lærerne burde unngå å svare på ethvert direkte spørsmål om fortellingenes historiske kvalitet. Da skrev Sophie Bonnevie i Luthersk Kirketidende:

Det er noe som absolutt ikke lar seg unngå, og det er barnas direkte spørsmål: Gang på gang lyder det: "Er dette sant? Kan man da svare et sterkt og sikkert ja, lyser det opp i de små ansikter – forventningen spennes, interessen økes. Jeg tør trygt si at aldri har jeg ved noen diktet fortelling eller noe eventyr sett en så dyp, levende, ja altoppslukende interesse hos de små som ved første gangs gjennomgåelse av disse gamle og dog så evig unge fortellinger.

Du omgir meg på alle sider

Refreng:

Du omgir meg på alle sider, og du held meg fast i di hand.

Du omgir meg på alle sider, og du held meg fast i di hand.

1. Når min veg går gjennom tette skodda,
Nær ved bratte stup og djupe vatn,
Då er du nær meg på alle sider,
Ja, du leier gjennom vatn.

Refreng...

2. Når mi tru er svak og motet sviktar,
Og eg kjenner kalde redslevindar,
Då veit eg trass alt at du er nær meg.
Du har lova vere med kvar ein dag.

Refreng...

T: Arne Höglund 1982, etter Sal 139,5
O: Jan Ove Ulstein 1988
M: Hans-Lennart Raask (refreng), Märta Svensson (vers) 1982
S: Øystein Lund Olafsen 2012

Jeg har helt fra jeg var ung, likt å synge. Og har vært med i flere kor, lovsangsteam, og ei sanggruppe. Og det er jo utrolig mange sanger og salmer som er så kjekke å synge, og som gir meg mye, både i triste og glade stunder!

Etter skilsmisse i 2009 var livet ofte tungt. Det ble vanskelig å be, lese i Bibelen, gå på gudstjeneste! Troen på Jesus forsvant ikke, men jeg syntes det var vanskelig å forstå hvorfor livet hadde blitt slik det ble! Sangen jeg har valgt meg er: «Du omgir meg på alle sider», der teksten er hentet fra Salme 139, vers 5:»Bakfra og forfra omgir du meg, du har lagt din hånd på meg».

Nå, så mange år etter de tunge årene jeg hadde fra 2009, så ser jeg at det som står i vers 2: «Når mi tru er svak og motet sviktar, og eg kjenner kalde redslevindar, då veit eg trass alt at du er nær meg...», at dette er sant for meg!

Jesus var virkelig der, Han var nær meg, Han holdt meg fast i sin hånd! Og Han er nær meg i dag! Uansett hva jeg føler eller tenker, så har Han lovet å «vere med kvar ein dag»!



Oddny Torvanger

Velkommen til grillfest med Sundagstreff torsdag 6. mai kl.17.00!

Den 6. mai møtest Sundagstreff – gjengen til grillfest igjen ved og i Undheim Kyrkje. Felles køyring frå Bryne kyrkje kl. 17.00. Vi gleder oss og håpar på at det blir fint vær! Husk å ta med gode klede. Blir det stygt vær, så er vi inne. Det kostar 50 kr. pr. person, og då kjøper vi inn mat og drikke til alle. Vi skal grille pølser og hamburgarar.

Det er påmelding til grillfesten: Ring til kyrkjekontoret på tlf.: 51 77 03 77 eller til Praxedes på tlf. 488 96 919 for å melda deg på. Fint om du gir beskjed om du kjem i eigen bil, eller om du treng å sitte på med ein av oss. (Viss du kjenner nokon som ikkje har fått brev, men som har lyst å bli med, kan du invitere dei med. Men hugs at dei òg må melda seg på.)

Håpar du kjem!
Helsing frå grillfest-komiteen, Torunn, Kari, Zahara, Siri, Trond og Praxedes
NB! På grunn av Covid 19- kan det bli endring.



Konfirmant i koronatid

Så vart det to kull med koronakonfirmantar. Kven hadde trudd det for eit år sidan?

TEKST: INGFRID TIME NÆRLAND FOTO: REIN HANSEN

Som med alt anna har også konfirmanttida vorte annleis etter at korona-pandemien gjorde sitt inntog. Sjølv om alle fjorårets konfirmasjonar vart flytta til hausten, er det nok årets konfirmantar som har fått kjenna mest på verknadene av pandemien.

Då Norge stengde ned i mars i fjor, var det nesten bare konfirmasjonane som var att. Det hadde vore eit vanleg konfirmantår fram til då; med samlingar og aktivitetar, leikar med fysisk kontakt, weekend med fotballturnering og forsyning frå felles matfat. To arrangement stod att: Den årlege dør-til-dør-aksjonen (fasteaksjonen) til Kirkens Nødhjelp og påskeleir for dei Bryne-konfirmantane som hadde valt å vera leirkonfirmant. Leiren vart avlyst, men både Kirkens Nødhjelp og me heiv oss rundt og laga digital pengeinnsamling.

Me menneske er merkeleg tilpasningsdyktige. Under konfirmasjonane i fjor haust kunne det vera 200 personar til stades. Det syntest me var veldig lite, når me trass alt er vane med stappfulle kyrkjer og fleire hundre personar. Etter som pandemien har utvikla seg, har me vore fornøgd med at det har sett ut til å kunna vera 100 personar til stades på årets konfirmasjonar. Talet har vore både 20 og 50, og då er ikkje 100 så verst. Det står ennå att å sjå koss det vert.

Årets konfirmantar begynte før fjorårets konfirmantar var

konfirmerte. Det er ikkje til å leggja skjul på at det var ein smule hektisk, på fleire vis. Det var øving og kappeprøving med det eine kullet, og samtidig skulle me starta opp og verta kjende med det nye kullet. Den store skrekken var viss kateketen eller ein av prestane kom i karantene med korona. Då kunne me risikera å vera nærkontaktar til og potensielt setja omtrent alle klassar på 9. og 10. trinn i karantene, samtidig. Me heldt oss heldigvis friske.

Det var likevel mange bekymra foreldre etterkvart som konfirmasjonane nærma seg. Tenk viss nokon i familien vart sjuke, eller ennå verre at konfirmanten vart sjuk. Det var fleire konfirmantar på testing i dagane før konfirmasjonane, og ein konfirmant fekk negativt testsvar bare timar før konfirmasjonen.

For årets konfirmantar var det tilnærma vanlege samlingar om hausten, vanleg etter ny standard. Det innebar antibac og avstand, som elles i samfunnet. Det har likevel vorte nokre telefonar til kommuneoverlegen for å sjekka kva som er gjeldande. Sjølv med unntak frå meteren for dei under 20

år, har mange kjekke aktivitetar og leikar som inneber eller oppmodar til fysisk kontakt, vorte kutta ut. Og, under sjølve undervisninga har konfirmantane sete med god avstand eller saman med nærkontaktar. Ingen har fått forsynt seg frå felles matfat, alt har vorte delt ut separat. I det minste har me fått brukt opp små eingongstallerkar som stod i eit skap etter eit feilkjøp. Det gjeld å sjå det positive i ting. Det er ikkje alltid det skal så mykje til. Korleis gleda ein konfirmant i koronatid? Bruk antibac med sitruslukst!

Det er nokre få samlingar som har vorte avlyste i løpet av konfirmant-året. Nokre på grunn av smittevernrestriksjonar, og heldigvis bare ei på grunn av konfirmantar i karantene. Det er ikkje gildt når samlingar med mykje gildt må avlysast. Til dømes ville det vore både ulovleg og uforsvarleg å samla alle konfirmantane på ei felles samling. Det faglege inn-

Trafikalt grunnkurs
Bryne Bil & MC Skole
Erlandsbakken 4, 4349 Bryne, Tlf. 51 48 25 10



Korona-avstand på undervisning.



Bumperz - ikkje koronavenleg.

haldet er ein ting, det kan dei få på andre samlingar, men dei går glipp av det sosiale og alt rundt. Det har vore mindre sosialt å vera koronakonfirmant, for mesteparten av det sosiale har vorte kutta ut, som overalt elles.

Det vart digital pengeinnsamling til Kirkens Nødhjelp i år som i fjor, og innstramminga før påske gjorde at påskeleiren som hadde vorte til bu-heime-leir

«Korleis gleda ein konfirmant i koronatid?
Bruk antibac med sitruslukst!»



Matservering på koronavis.

måtte avlysast. Weekend med fotballturnering og inspirasjonsdag rauk i vinter.

I fjor var me nokså sikre på at alle årets konfirmasjonar skulle vera som normalt i april/mai, men slik vert det ikkje. Omtrent halvparten av konfirmasjonane er flytta til hausten - til august/september. Så står det att å sjå koss det vert. For er det ein ting korona har lært oss, så er det å endra planar på kort varsel.

Babysong

Me har tilbod om babysong i alle tre sokna våre. Følg med på nettsidene og facebook-sidene til kyrkjelydane for å få info om når me kjem i gong utover våren. På Lye og Undheim er det babysong annankvar onsdag, medan på Bryne er det babysong torsdag føremiddag.

Undretur

3-åringane får invitasjon til undretur i Brynekyrkja og i Time kyrkje, saman med ein vaksen. Me håpar det vert rom for dette i løpet av dei næraste vekene. Invitasjon vert sendt ut.

Pinsefart

I mai/juni håpar me å kunne invitera 2. klassingane til å vera med på pinsefart. Frå Kristi himmelfart via pinse og ut i heile verda - i full fart!

Kva har ballongar og popcorn med Den heilage Ande å gjere? Kva er koden for å finne skatten? Kven er på vinnarlaget? Kor blei Jesus av etter Kristi Himmelfart, og kor er han nå? Når har kyrkja bursdag? Det er mykje spennande me skal finne ut av i løpet av tre innhaldsrike samlingar. Aktivitet inne og ute, samling, laging, vindsus, ballongleik og mykje meir – dette blir kjekt

Invitasjonar vert sende ut.

På sporet av Jesus

Alle 4. klassingane (frå Bryne, Time og Undheim) får invitasjon til «På sporet av Jesus» i Undheim kyrkje 12. juni kl 12.00-15.00. (dersom det vert mogleg i henhold til smittevern) Her vil dei få møte kjende personar frå bibelforteljingane i Det nye testamentet. Ut frå det dei fortel, vil me kanskje finne meir ut om korleis Jesus møtte folk og kven Jesus er. Til slutt avsluttar me med



Babysong



Undretur

tacofest. Velkommen til ein kjekk og spennande dag i kyrkja!

Barnebibel til 4-åringane

4-åringane som høyrer til Bryne sokn vil få invitasjon til gudsteneste der dei få kvar sin flotte barnebibel. Dei som er fødte første halvdel av året, får etter planen invitasjon mot slutten av våren, medan dei

som har bursdag mellom juli og desember, får invitasjon til hausten.

4-åringane i Time og Undheim får også invitasjon til hausten.



På sporet av Jesus.



Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

Gjevarteneste

Bryne

Barne- og ungdomsarbeid
Kto.nr. 3325.25.07057

Time

Kyrkjelydsarbeid
Kto.nr. 3325.20.04462
Trusopplæring
Kto.nr. 3325.39.13407
Barne- og ungdomsarbeid Lye
Kto.nr. 3290.58.78041

Undheim

Kyrkjelydsarbeid/ungdomsarbeidar
Kto.nr. 3325.21.55657

Froyland/Orstad

Kyrkjelydsarbeid
Kto.nr. 3290.60.44179
Kyrkjebygg
Kto.nr. 3325.25.09270

Stikk innom vår heimeside
www.timekyrkja.no

Aksel Johan Lund

28. februar 2021 vart Aksel Johan Lund ordinert til prest i St. Petrikyrkja i Stavanger. Han er tilsett som prostiprest med tenestestad på Nærbø og på Bryne. Eit spanande prosjekt der tenestestaden er to kyrkjelydar! Helgedagen ønskte å vita meir om både personen og det arbeidet han skal inn i.

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD

Kva gjorde at du valde ei preste-utdanning? Spesielle hendingar/opplevingar som var medverkande til valet?

Eg valde eigentleg teologutdanning fordi eg tykte det var spanande, reint fagleg. Eg har alltid vore oppteken av religion og teologi og er glad i å lesa bøker. Men gode lærarar på skulen og prestar og biskopar som eg var i kontakt med, utfordra meg til å vurdere presteteneste. Eg byrja på VID, men etter eitt år med bachelorstudiar i teologi, bytta eg over til profesjonsutdanninga, altså det ein må ha, for å verta prest.

Etter kvart fekk eg prøva meg som sommarvikar og hadde gravferder, gudstenester og dåp. Det opplevde eg som svært meningsfullt, og eg skjønna raskt at dette var noko eg ville bruka livet mitt på. Eg kjende at Gud kalla meg til presteteneste.

Prostiprest – kva inneber det?

Prostiprest er vel eigentleg ein stillingstittel som tyder at ein ikkje er knytta til eit enkelt sokn slik ein sokneprest eller kapellan er. I mitt tilfelle er det i Nærbø- og Brynesokna eg skal ha tenestestad. Du skal ha ei delt stilling. Kva utfordringar/muligheter ser du i det?

Ja, stillinga er delt mellom kyrkjelydsprest og ungdomsprest. Det ser eg eigentleg mest på som ein styrke. Å få arbeida som



Aksel Johan Lund er 25 år gamal, fødd og vaks opp på Åkrehamn på Karmøy. Yngst av tre søsken (to jenter). Utdanna cand. theol. ved VID Stavanger, tidlegare Misjonshøgskulen hausten 2020. Gift med Kristin Anda som er diakonmedarbeidar i Tasta kirke. Dei er busette i Stavanger.

kyrkjelydsprest med gudsteneste, gravferd, vigslar, dåp, konfirmantar og andre ting som høyrer til den vanlege pulsen i kyrkjelyden, ser eg fram til. Det skal verta godt å ha kontakten med det «vanlege» kyrkjelydsarbeidet, sjølvom eg skal arbeida mest med ungdomar og unge vaksne.

Dette kan absolutt verta utfordrande, ikkje minst å fordela arbeidet rett. Som prest er det jo stort sett alltid meir ein kan og vil vera med på!

60 prosent ungdomsprest på tvers av kommunegrensene. Korleis tenkjer du deg dette i praksis?

Eg ser føre meg eit tett samarbeid her. Bryne og Nærbø er to gode kyrkjer som begge ligg sentralt på Jæren. Dersom me kan byggja relasjonar på tvers av kommune- og soknegrenser, ser eg føre meg eit levande unge/vaksnearbeid som kan famna vidt og vera ein ressurs for heile Den norske kyrkja på Jæren. Det ville vore stas!

Dessutan er det jo slik at målgruppa mi er i den alderen at fleire av dei kjører og har bil, så dei er jo relativt mobile. Då kan det jo vera veldig kjekt å ha ein stad å treffa andre kristne på sin alder. Håbuar og timebuar kan vel gjerne koma godt overens dei òg?

Har du ei helsing til lesarane av Helgedagen?

Eg ser verkeleg fram til å kunna treffa folk att, verta kjend med kyrkjelyden på Bryne og koma skikkeleg i gang med arbeidet. Det har vore og er krevjande tider me er inne i, men lyspunkta vert fleire og fleire og enden er i sikte. Så med det seier eg Guds fred og alt godt - til me kan treffast andlet til andlet.



LANGS KYSTPILEGRIMSLEIA MELLOM EGRSUND KIRKE OG OGNA KYRKJE

PILEGRIMSVANDRING SØNDAG 13. JUNI 2021

Viktige tidspunkter:

Ankomst tog Egersund 10.05
Ord til pilegrimen utenfor Egersund kirke 10.30
Avgang Egersund kirke 10.45, avgang Eie 11.05
Ankomst Maurholen stasjon 12.45; avgang 13.15
Hellvik Stasjon 13.50
Ankomst Lunhulen 14.20 – 40 min matpause
Ankomst Vestlandske Hovedvei 15.55
Ankomst Ognakyrkje 17.30
Kveldsbønn Ognakyrkje 17.45 – slutt senest 18.20
Tog til Stavanger 18.33
Tog til Egersund 18.50

Arr. Egersund menighet
og Jæren prosti



DEN NORSKE KYRKJA

Egersund – Stavanger på to år

I sist nummer av kyrkjelydsbladet inviterte pilegrimsutvalet i Jæren prosti til vandring Egersund-Stavanger over to år. Me måtte avlysa årets første pilegrimsvandring 2. påskedag på grunn av smittevern. Difor blir det litt endringar i programmet. Dersom ikkje smittevernreglane stoppar oss, planlegg me å gjennomføra slik:

13. juni: Egersund kirke til Ognakyrkje. Dette er den lengste etappen på om lag to mil. Arrangementet er i samarbeid med pilegrimskomiteen i Egersund. Sjå eiga annonse.

24. juni: jonsokdagen: Ognakyrkje til Kvassheim

29. juli, olsok: Hårr - Varhaug gamle kyrkjegard.

3. oktober: Varhaug gamle kyrkjegard til Hå gamle prestegard

I haust planlegg me òg ei vandring i Gjesdal, frå Kyllingstad til Gjesdal kyrkje. Neste år planlegg me å gå Hå gamle prestegard til Orre gamle kyrkje. Orre gamle kyrkje til Bore. Bore til Hellestø. Hellestø til Sola ruinkirke. Sola Ruinkirke til Stavanger domkirke.

Følg med på Facebook på Pilegrim på Jæren

Pilegrimens syv nøkler:

Langsomhet
Frihet
Enkelhet
Bekymringsløshet
Stillhet
Deling / fellesskap
Åndelighet



BARNAS

side

Finn vegen til Jesus!

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegen til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00.



Vitsar

Klassa hadde matteprøve. Ei av oppgåvene var slik:
«Eit hus har 5 etasjar. Kvar etasje har 20 trappetrinn. Kor mange trappetrinn må du då gå for å kome til toppen?»
– Enkelt, tenkte Ole, og skreiv: «Alle.»

– Korleis er den nye gitaren din?
– Eg måtte kaste han.
– Kvifor det?
– Den hadde jo eit stort hol i midten!

Finn fem feil

Maria Magdalena sprang og fortalde læresveinane at Jesus var stått opp frå dei døde. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? (Teikning: Kari Sortland)





Torbjørn og Ellinor Jess, Håvard og Sofie Braut. Fotograf: Vetle Jess

Korona og husfellesskap – korleis løyser me det?

Me er eit husfellesskap (huskyrkje) på Hognestad med 12 personar som samlast i heimane kvar tysdag. Då deler me ting frå liva våre, lovsyng, ber og les Bibelen saman. Me ønsker å bli betre kjend med Jesus og ha fellesskap med Han.

Det siste året har bydd på ein del utfordringar når det gjeld det å samlast. Reglar og restriksjonar har vore mange og skiftande, men me har halde samlingane gåande på ulikt vis. Ei stund hadde me samling utandørs. Då var det alt frå samling rundt bål ved Smukkevatnet - til møte på toppen av golfbanen. Det er mykje som går berre ein er godt kledd. Andre

gonger har me samlast i garasjar med campingstolar. Den siste tida har me fått låna Fotland bedehus og delt gruppa i to når reglane har kravd det.

Me har erfart at folk strekkjer seg langt for at me skal få til å samlast. Og det er veldig gledeleg å sjå at fellesskapet me har er viktig for kvar enkelt! Det er lett å berre setja ting på vent når restriksjonane pressar på. Vårt mål er å koma saman i huskyrkja på den måten me kan, alt etter kva koronareglane tillet. Og det har me klart så langt.

Håvard Braut

VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på kirkens-sos.no

Å snakke med folk om livet gir mening.



Meitemark

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD

Denne gongen skal vi ned i jorda og helsa på ein skapning som betyr umåteleg mykje for livet på jorda. Alle veit at meitemarken er herleg mat for fuglar og fisk. Mange er diverre ikkje klar over kva marken held på med der nede i jorda. Der grev han gangar som gjev luft og struktur, og det veit planterøter å setja pris på. Livet til meitemarken går stort sett ut på å eta jord og planterestar. Kvar dag et han opptil 20 gonger si eiga vekt! Samstundes legg han frå seg skit som er rik på næring - til glede for alt som veks. Jord med mykje meitemark er god jord. Det er difor lurt å leggja til rette for at marken skal trivast. Dette kan ein gjera ved å laga kompost av organisk materiale som mat- og planterestar. Time kommune har ordning med heimekompostering. Då slår ein to fluger i ein smekk; flott kompost til hagen og 25% reduksjon av renovasjonsgebyret!



Meitemark finn ein over heile verda. I Noreg er det 27 ulike artar. Den minste er berre 2 cm lang, mens den største kan strekkja seg til heile 30 cm!

Hjernetrim

HelgeKryssord 2/21


(av Gabriel Tengsareid)

Vassrett

- 1. Forskar
- 11. Jesus
- 14. Ønskje om lykke til
- 15. Glans
- 16. Lokkematen
- 18. Tregar
- 20. Diktar
- 23. Mynteining
- 24. Kanal
- 25. Bort
- 26. Digitalt telenett (lite i bruk no)
- 31. Gagn for alle
- 34. Del av bil


Loddrett

- 1. Pronomen
- 2. Sølvvinnar
- 3. Filologar
- 4. Gamal eining for kraft
- 5.. Likt begge vegar
- 6. Eining
- 7. Bygd sør for Egersund (mykje brukt skrivemåte lokalt)
- 8. Sjukdom
- 9. Lengt
- 10. Avslag
- 12. Fugl
- 13. Samtykke
- 17. Grip
- 19. Avkastning
- 21. Uro i hugen
- 22. Vond lukt
- 23. Åssidene
- 27. Merknad
- 28. Fugl
- 29. Bank
- 30. Udryg
- 33.Thulium



P	A	S	K	E	K	Y	L	L	I	N	G
A	D	V	A	R	A	R	A	U	D	N	E
N	E	I	R	E	P	E	T	E	R	A	N
D	T	T	I	M	S	R	E	N	A	T	E
E	J	S	K	I	S	S	N	E	V	E	R
M	E	J	A	T	T	U	T	S	I	D	E
I	R	E	T	T	E	S	E	T	T	E	R
E	F	U	L	L	F	Ø	R	T	L	E	
N	Y	E	R	I	A	A	S	Y	N	E	T

Løysing Helge- kryssord - 1/21




DØYPTE

BRYNE KYRKJE
28.02.2021: Lilly Jane Damsgård Smith, Henry Michael Damsgård Smith

TIME KYRKJE
14.02.2021: Ingrid Budeng, Helena Haukland Ziolkowski
28.02.2021: Milla Espeland, Aslak Halvorsen Gabrielsen, Milan Tesaker Hellvik
13.03.2021: Thea Nordnes Bø, Lilly Eriksen, Oda Topdal


UNDHEIM KYRKJE
21.02.2021: Malin Hobberstad

BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER
01.11.2020: Varg Galland Rangen



VIGDE

TIME KYRKJE
27.02.2021: Randi Skårland og Mussa Doka



DØDE

Tor Taksdal
Runar Bryne
Bjørge Hunshamar
Jon Arne Egeland
Finn Nylund
Inger Seland
Maria Elisabeth Auguste Anna Margrete
Elonore Herigstad
Osmund Haaland
Per Johan Time
Anna Hald Madsen
Janina Strzelecka Ødegård
Kjell Time
Olav N Håland

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne) tlf. 911 57 105

Sokneprest May Brit Merland Arnø (Undheim) tlf. 467 94 518

Sokneprest Yngvar Nilsen (Time) tlf. 466 52 874

Diakon Praxedes Slettebø tlf. 48 89 69 19

Støttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på: diakon@time-kyrkja.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

KROGEDAL
begravelsesbyrå



51 97 29 00
DØGNVAKT

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase

Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ
51 61 04 00 - døgnvakt
www.novabegravelse.no

Hanne Brit Sandsmark og Møyfrid Hersdal

 Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800		 REIME VARMEPUMPER OG SPA www.reimeos.no - Tlf: 51 73 14 22
	VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS  Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 148, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180	 Holmane Bil Tengsareidv 4, 4373 Egersund Tlf. 51 46 19 80 http://holmanebil.no 
 TIMEELEKTRO AS når resultatet er viktig Vesthagen 4, 4344 Bryne Tlf. 51 77 15 90		 EL-TEAM Elektroentreprenør Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net
 MotorForum Stavanger - Sandnes 	 Jæren Gulv AS Maler- og gulvarbeid www.jaerengulv.com	 nye JÆREN KABELNETT Lokal og best på pris
 PRIVATMEGLEREN JÆREN Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no	 Renovasjons-service as Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44	 Bogh Lafoos a/s TOYOTA Fossveien 3, 4373 Egersund Tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no
 FK butikken fkra.no/fkbutikken	 aktiv. Eiendomsmegling 51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no	 haver_ Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50
 Aanestad Maskin 900 59 966 fb: Aanestad Maskin Graving - Løing - Masseflytting - Riving		

Koronamøteplass – som gir mot og håp

Damene i Shalom kvinneforening trør ikkje ned dørene hos kvarandre i kvardagen, men dei set stor pris på å treffast på forening annankvar tysdag.

TEKST OG FOTO: REIDUN JANE HESKESTAD

I starten av hausten 2020 hadde me forening rundt om i heimane – tomrestokk vart nytta for å finna rett plassering i stovene våre. Etterkvart opplevde me at det vart vanskeleg for den enkelte å ta ansvar for avstandsregelen i eigen heim. Det vart òg etter kvart bestemt at me ikkje kunne ha meir enn fem gjester i eigen heim, men vera ti samla på offentleg plass.

Me valde difor like godt å treffast offentleg på «torget» – nemleg Time kyrkjetorg, lokalet tilknytt Time kyrkje.

Dette har vore eit godt val. Her har me hatt besøk av Japanmisjonær, Kari Gudmundsen, som fortalde interessant om misjonærlivet på 70-80-talet. Mykje var annleis på den tid – spesielt når me tenkjer avstand – både reising og kontakt med dei heime. Brit Signe Fuglestad – medlem i Shalom – har òg fortalt frå familien og seinar ekteparet sine utfordrande og spanande år i Etiopia.

For oss damer har denne møteplassen betydd mykje i koronatida. Herleg avslappande foreningsmøte: alle har med eigen mat, støvsuging og pynting trengs ikkje. Kyrkjetorget gir oss ei eiga heimekoseleg kjensle. Sjølv om me sit med to meter avstand, kjenner me at fellesskapet gjer oss godt. Me får hjelpa og støtta kvarandre.

Sjølvsagt vert me alle trøytte av alle

restriksjonane, men me er enige om å halda ut.

Det flotte teppet til Ingrid Vinningland som heng på kyrkjetorget minner oss kvar gong om:

Syt ikkje for livet. Sjå på fuglane i lufta og liljene på marka. Så syt då ikkje for morgondagen! Morgondagen lyt syta for seg.

(Matt. 6.25)



Liv Torunn Ødegård og Berit Nærland



Frå venstre: Oddny Underhaug, Helga Johannessen, Brit Signe Fuglestad og Gunhild

	OK Bad as Tverrfjellveien 5 4347 Lye	
 WACO Forsikringsmegling as		 Jæren Skog & Hage Jærveien 162, 4344 Bryne Tlf. 915 28 260

Velkomen til kyrkje

Hugs at ved å melda seg på gudstenestene på førehand er ein garantert plass. Påmelding finn de på kyrkjene sine nettsider, eller ved å ringja til kyrjekontoret på 51770377

GUDSTENESTER



Velkomen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 951 25 002

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00

Sundag 18. april Lye forsamlingshus Undheim kyrkje Bryne kyrkje Bryne kyrkje	3. søndag i påsketida 10:30 Gudsteneste 10:30 Gudsteneste, søndagsskule 11:00 Familiefokus 19:00 Kveldsgudsteneste	Joh 10, 1-10
Laurdag 24. april Bryne kyrkje Bryne kyrkje	Joh 10, 1-10 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste 13:00 Konfirmasjonsgudsteneste	
Sundag 25. april Bryne kyrkje Time kyrkje	4. søndag i påsketida 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste 11:00 Gudsteneste	Joh 13, 30-35
Sundag 2. mai Brekko friluftshus Undheim kyrkje Bryne kyrkje	5. søndag i påsketida 10:30 Gudsteneste ved Lye forsamlingshus 10:30 Konfirmasjonsgudsteneste 11:00 Gudsteneste for store og små	Luk 13, 18-21
Laurdag 8. mai Time kyrkje	15.15 Dåpsgudsteneste	
Sundag 9. mai Bryne kyrkje Bryne kyrkje Time kyrkje	6. søndag i påsketida 10:30 Konfirmasjonsgudsteneste 12:30 Konfirmasjonsgudsteneste 11:00 Gudsteneste	Matt 7, 7-12
Torsdag 13. mai Time kyrkje Time kyrkje	Kristi Himmelfartsdag 10:30 Konfirmasjonsgudsteneste 12:30 Konfirmasjonsgudsteneste	Luk 24, 46-53
Sundag 16. mai Bryne kyrkje	Sundag før pinse 11:00 Gudsteneste	Apg 26, 1-3. 20-29
Måndag 17. mai Bryne kyrkje Lye forsamlingshus Time kyrkje Undheim kyrkje	Nasjonaldagen 08.30 Morgonsong med bøn for folk og land 09.45 Gudsteneste 10.30 Gudsteneste 11.00 Gudsteneste	Matt 22, 17-22
Laurdag 22. mai Time kyrkje	Pinseaftan 13.00 Dåpsgudsteneste	
Sundag 23. mai Bryne kyrkje Time kyrkje	Pinsedag 11.00 Høgtidsgudsteneste 11.00 Høgtidsgudsteneste	Joh 14, 15-21
Måndag 24. mai Undheim kyrkje Krosshaug	2. pinsedag 10.30 Gudsteneste 11.00 Friluftsgudsteneste saman med Klepp	Joh 6, 44-47
Sundag 30. mai Undheim kyrkje Lye forsamlingshus Jærdagsscenen	Treeiningssundag 10.30 Gudsteneste 10.30 Gudsteneste 11.00 Økumenisk gudsteneste	Luk 10, 21-24
Sundag 6. juni Time kyrkje	2. søndag i treeiningstida 11.00 Gudsteneste	Joh 3, 26-30
Sundag 13. juni Undheim kyrkje Lye forsamlingshus Bryne kyrkje	3. søndag i treeiningstida 10.30 Gudsteneste 10.30 Gudsteneste 11.00 Gudsteneste for store og små	Joh 1, 35-51
Sundag 20. juni Bryne kyrkje Time kyrkje	4. søndag i treeiningstida 11.00 Gudsteneste 11.00 Gudsteneste	Matt 16, 24-27
Sundag 27. juni Undheim kyrkje	5. søndag i treeiningstida 10.30 Gudsteneste	Matt 7, 21-29